
JEPPE PÅ BERGET

JEPPE PÅ BERGET

EIN KOMEDIE AV LUDVIG HOLBERG



Jeppe på byen

Det har følgd mykje oppstyr med Jeppe på Det Norske Teatret. Det har ikkje noko å gjere med den stakkarslege bonden, men med språket. Første gongen var det omsetjinga til Arne Garborg i munnen på Rasmus Rasmussen som fall den urbane danninga tungt for brystet og førte til målstrid på tørre nevane. I 1934 vart det positivt oppstyr om formspråket og suksess for ein modernistisk Lars Tvinde-Jeppe frå Voss. I 1976 gjekk Jeppe Wesenlund til musikalen og no i haust har han motstridande blitt ein forhutla bymann, nærmast ein del av personkrinsen på Scene 2.

Kva er så vitsen med å herje slik med denne gamle, danske festebonden? Kanskje har vi ergra oss litt over bergensbaronen Holbergs moraliserande bondeportrett. Påfallande ofte har teatret svara med å gjere Jeppe til stril, ein opprørsstril, ein litt tørst nasjonsbyggjar. Denne gongen står han nokså ribba att og da får vi kanskje auga på den moderne einsemda bak løyene, både hos Jeppe og baronen.

Vidar Sandem
Teatersjef



Baron Nilus' keisemd

Lars Fr. H. Svendsen

Jeppes paa Bierget er ei moraliserande forteljing, men den moralske budskapet som Holberg ville leggje inn i komedien, er ein annan enn den vi vanlegvis hentar ut i dag. For notida sitt sentimentale blikk står drankaren Jeppe fram som ein stakkarsleg skapnad som vi burde vise medkjensle med, medan vi fordømmer baron Nilus si krenking av menneskeverdet til Jeppe. Denne måten å sjå det på ville vere framand for fornuftsdyrkaren og fråhaldsmannen Holberg. Målet for komedien var nok først og fremst å moralisere overfor drukkenskap - og dessutan å underhalde publikum.

Spørsmålet om kvifor Jeppe drikk, er rett og slett ikkje sentralt i stykket. Det at Nille pryler Jeppe, forklarar neppe drikkinga hans, men viser han heller som ein verkeleg ynkeleg skapnad. Jeppe er ein slamp som drikk opp pengar som burde vore brukte på anna vis. I tillegg til dette er han

upåliteleg og lèt seg føre av sine innfall heller enn av fornuft og moral.

I den grad vi finn ei røyst som representerer Holberg i stykket, er det baron Nilus. Baronen har den same uegalitære innstillinga som Holberg gav uttrykk for i *Den politiske Kandestøber*, nemleg den at kvar mann har sin plass og at det slett ikkje kjem noko godt ut av å heve eit menneske opp til makt og mynde som ikkje høyrer det til. Holberg var da heller ingen demokrat.

Baronen kan neppe seiast å vere nokon sympatisk figur, der han synest å meine at ein ikkje har meir moro enn den ein lagar på kostnad av andre. Men stykket gir ikkje uttrykk for nemnande reservasjonar mot eit slikt syn. Derimot blir det på det sterkaste åtvara mot å gi makt og mynde til slike som Jeppe. Og Jeppe viser seg da også som ein gjerrig, hemnfus og tyrannisk "baron".

Kven er det dagens publikum har mest grunn til å identifisere seg med? Det er heller baronen enn Jeppe. Baronen keiar seg, og han må ha underhaldning mot keisemda. Jeppe er ein distraksjon. Han trekkjer baronen bort frå den tomme kvardagen. Adelslivet er tomt, og denne tomleiken må drivast bort. Baronen seier til sekretæren sin: "I pleier at være fruktbar paa Inventioner, kan I ikke hitte paa noget, som kan divertere mig?"

Om vi no stiller tilværet til Jeppe opp mot baronens - kva er det da dei har til felles? Begge har dei behov for å rømme frå røynda - Jeppe frå sitt elende og baronen frå si overflod. Jeppe er for baronen det flaska er for Jeppe. Jeppe blir baronens tidtrøyte - den som kan halde det tomme i tida på ei armlengdes avstand. Pascal skriv: "La ein konge i einsemnd fordjupe seg i seg sjølv, heilt uforstyrta, utan noka sanseleg nytting, utan noko problem for

tanken, utan selskap. Da vil du finne at ein konge utan tidtrøyte er eit menneske som har sokke ned i eit elende. Derfor blir det bygd eit grundig vern mot dette. Rundt dei kongelege manglar det aldri ei mengd personar som skal passe på at det blir ei tilbørleg veksling mellom arbeid og underhaldning. Dei har fritida til dei kongelege under oppsikt og har ansvar for tidtrøyte slik at det ikkje blir noko tomrom." Den skildringa Pascal her gir av situasjonen til kongen, passar godt på baron Nilus, omgitt som han er av personar som skal more han for at han ikkje skal keie seg.

I *Moralske Tanker* skriv Holberg at dei fattige lid av mangel og dei rike av overflod, og dei som lever i overflod, "ere kede af Livet". Og kva er kuren framfor noko anna

mot keisemd? Tidtrøyte. Mot slutten av komedien er det da òg med stor fryd baronen ser tilbake på denne "deilige Historie". Han seier: "Kanst du divertere mig oftere saa, Erich, saa skal du blive meget høyt anskreven hos mig."


Keisemda var lenge eit statussymbol, og slik var det utan tvil på Holbergs tid. Grunnen er at keisemda krev ein viss materiell velstand, og keisemda vart derfor fordelt etter stand: Høgare stand inneber sterkare keisemd. Men eit statussymbol kan òg vere tungt å bere. Seinare har keisemda mista sin status i takt med si utbreiing, men stort lettare å bere har ho ikkje vorte.

Tidlegare var keisemda karakteristisk for livet til overklassen, medan nauda prega

livet til massane. No er ikkje nauda lenger noko alternativ for oss, og derfor blir òg liva våre i stor monn eit spørsmål om å kvitte seg med det overmål av tid som vi har fått til rådvelde. Særleg underhaldningsindustrien har teke på seg oppgåva å fjerne all denne overflødige tida. Vi morar oss til døde for ikkje å keie oss til døde. Vi treng desse tidtrøyta, slik baronen og Jeppe på Bierget gjer det. Vi brukar Jeppe som ei tidtrøyte. Og når vi sit og ser på dette stykket, er vi langt på veg i same tilhøvet til Jeppe som baronen og hans menn er. Det er Jeppe som underheld oss og er føremålet for latteren vår. At denne latteren er iblanda nokre dropar sympati, endrar lite.

[Til nynorsk ved Leif Møhle]





Ung svenske møter gammel danske

Olof Lindqvist intervjuar av Cecilia Ölveczky

Du hadde ein pangstart på regi-karrieren med Kjerleikens triumf av Marivaux her på teatret. Det var diplomarbeidet ditt og du fekk strålende karakterar både frå teatret, skolen, kritikarane og publikum.

- Det var fantastisk. Betre start kan ein ikkje ønskje seg. Eg fekk mykje energi og sjølvkjensle, noko som er heilt nødvendig for ein ung regissør. Eg er svært takksam overfor skodespelarane som lojalt følgde meg på vegen. Det var eit fint ensemble. Dette hadde eg med meg i bagasjen da eg begynte på *Anne Frank* i Bergen. Det gjekk også bra. Men eg gjorde ein feil. Eg vart så smigra av alle tilboda etter *Kjerleikens triumf* at eg takka ja til alt for mange. Becketts vanskelegaste stykke *Sluttspel* kom altfor tidleg til meg. Eg hadde verken livs- eller regi-erfaring til det. No held eg meg borte frå det irske geniet i minst ti år.


Den viktigaste avisa i heimlandet ditt, Dagens Nyheter, har òg skrive om suksessen din med Kjerleikens triumf, og du fekk ganske snart eit fint tilbod frå Malmö Stadsteater.

- Eg hadde alt ein kontakt med Malmö, så det var naturleg at teatersjefen kom til Oslo og såg diplomarbeidet mitt. Han tykte sannsynlegvis bra om det, for eg

fekk setje opp *Misanthropen* av Molière.

Du syner stor interesse for fransk dramatik, både klassisk og moderne.

- Eg har studert i Frankrike, eg kan språket, og da blir ein sjølv-sagt opptatt av dramalitteraturen i ein så stor kulturnasjon.



Du set gjerne opp komediar, sjølv om røynde regissørar seier at det er det vanskelegaste som finst. Det krev teknikk, og du kan ikkje gøyme deg. Om publikum ikkje ler da får du straks beskjed om at du har mislykkast.

- Den utfordringa inspirerer meg. Viss eg avskyr noko, så er det at ein gøymer seg. Eg vil ha klar beskjed.

Jeppa på Berget, komedie-klassikar frå 17-hundretalet, var det din idé å setje den opp?

- Nei, den kom frå teatersjefen. Vi diskuterte mange alternativ, men da han nemnde Jeppe og kom med rolleforlaget, da kunne eg ikkje seie nei. *Jeppa på Berget* var med i regibagasjen min. Eg har også sett nokre oppsetjingar av det.

Kva er ditt personlege forhold til den forfylla bonden?

- Først var det viktig for meg å plassere Jeppe i eit urbant miljø. Eg kjenner ikkje det såkalla bondesamfunnet, om det i det

heile finst noko slikt i dag. Eg ser Jeppe som ein innflyttar som ikkje greier det harde livet i forstaden. Han blir outsider der og han innser det. Om ein stiller det evige spørsmålet, kvifor drikk Jeppe, da ligg svaret i einsemda hans og i at han er utstøytt. Han har berre ein støttespelar i livet, og det er Nille. Eg går ut frå at trass all kjefting, så elsker dei to kvarandre. I første akt sender Nille han til byen etter grønsåpe, i siste akt kjem han heim att.

Men i mellomtida skjer det ei stor forandring, da han vaknar i baronens seng er han ikkje lenger den godmodige, utstøyte i storbyen.

- Nei, men eg er ikkje så opptatt av at Jeppe blir ein tyrann i rolla som baron. Eg trur att alle menneske har maktsjuka og voldsomheit i seg. Det blir sjølvsagt forsterka når ein blir undertrykt og forneda. Eg tok bort sluttmonologen om underklassens tyranni. Moralen der er for passé. Derimot byrjar forestillinga med ein stum monolog av baronen. Baronens

rolle interesserer meg mykje. Det er han som set i scene Jeppes forvandling. Han er den eigentlege regissøren. Holberg har gitt han tre heile akter å gjennomføre sin vondskapsfulle leik på. Baronens representerer vår tid. Han har alt, han kan gjere kva han vil og han kjedar seg. Han er i stand til å finne på kva som helst berre han blir kvitt keisemda. "Vi underheld oss til døde", som det heiter om vår tid. Ingenting er spennande nok for han. Berre leik med menneskeliv kan fylle behovet for underholdning. Når Jeppe vill henge Erik, da er det ein leik, ein fiksjon, men baronen kan verkeleggjere Jeppes idé. Flukta frå keisemda kan bli farleg.

Urbant miljø, ein innflyttar som Jeppe, ein forstadsbaron av i dag; blir det ein postmoderne leik med tid og stad?

- Eg trur tvert om at det er streng logikk i denne forflyttinga. Baronens er sjølvsagt ingen feodalbaron, men dagens pengebaron. Og slike finst det mange av i Noreg no. Og dei er truande til kva som helst.

Da Jeppe på Berget første gongen vart sett opp på DNT, i opningssesongen 1913, vart det eit veldig oppstyr fordi "bonderåtampene" gjekk laus på nasjonalskatten. Morgenbladet hadde krigstypar på førstesida. Trur du at di behandling av ein kjær klassikar kan føre til protestar?

- Det ville forbause meg mykje, så radikal er eg ikkje. Det einaste som kanskje kan irritere folk er at eg brukar skånsk popmusikk, pop-rock frå Malmö i den nynorske høgborga.

Hovudscenen skremmer deg ikkje?

- Tvert om. Det er veldig spennande, sjølv om eg kjenner ansvarstrykket når eg plasserer meg på 20. benkerad. Dei som sit der skal òg få ei likeverdige framsyning. Min generasjon, trur eg, er svært opptatt av det visuelle uttrykket. Vi tenkjer kanskje for mykje på innpakkinga. Det kan oppstå problem når det visuelle ikkje følgjer dramaturgien i stykket. Ein må ikkje trylle vekk skodespelarane, det er trass alt dei som gjer at teatermagien ikkje har blitt borte gjennom hundreåra.

Neste oppgåve?

- To månaders papparolle i Sverige, der eg for tida bur med familien min. Sidan går turen til Malmö Stadsteater. For første gong set eg opp eit moderne, realistisk stykke, Edward Bonds *In Company of Men*, eit spennande og engasjerande stykke om livsødeleggjande marknadstilpassing.

Framtida?

- Eg har tilbod både frå svenske og norske teater. Eg er jo svensk, men eg fekk utdanninga mi i Noreg, så aller helst vil eg halde fram med å arbeide i begge landa.

Helgen v. 48

Vem går över ett torg en lördag kväll?

Vem går hem med den rätte och vem får en smäll?

Vem är det som är lycklig och vem luktar bränt?

Vem er dålig på riktigt och vem är ett skämt?

Det är sent och det dröjer lite till innan blommorna slår ut

Jag ser en bil, jag ser en tjei, jag ser en snut, snart har helgen vecka 48 tagit slut.

Det är sent... osv

Jag ser en bar, jag ser en man, jag hör ett tjut, snart har helgen vecka 48 tagit slut

JEPPE PÅ BERGET

av LUDVIG HOLBERG
omsett av OLA E. BØ

Bearbeiding OLA E. BØ/
 OLOF LINDQVIST

Regi OLOF LINDQVIST
Scenografi ÅSE HEGRENES
Kostyme INGRID NYLANDER
Koreografi HEGE TVEDT
Lysdesign PER WILLY JOHANSEN

Jeppe på Berget JON EIKEMO
Nille, kona hans NINA WOXHOLTT
Baronen JAN GRØNLI
Jacob Skomakar NILS SLETTA
Erik Lakei MORTEN ESPELAND
Axel, kammertenaren ERLAND BAKKER

Dansarar ANETTE BARTH
 HENRIETTE SÆVARANG
 SUNNIVA EGGE SIPUS

Vi takkar Saga Form for serვისet som blir nytta i framsyninga.

Foto: ERIK BERG

Programredaksjon: OLA E. BØ, CECILIA ØLVECKZY OLOF LINDQVIST,
SIGNE BJØRVIK, IDA MICHAELSEN
Grafisk formgjeving: KNUT-JARLE HVITMYHR

Musikk:

1. Bob Hund
2. Fats Waller
3. Fats Waller
4. Lou Bega
5. Bob Hund
6. Björn Skifs
7. Bob Hund
- Pause
8. Bob Hund
9. Beck
10. Jan Eggum

Helgen v. 48
What a pretty miss
Foolin' around
Mambo nr. 5
Goddag & Adjö
Hooked on a feeling
Bob Hunds 115:e sång

Bob Hunds 115:e sång
Loser
På'an igjen

Inspisient
Maske og parykkar
Lyd
Lysmeistrar


Rekvisitør
Sufflør
Scenekoordinatorar

Regiassistent
Kostymekoordinator/
dyrehattar

VICTORIA AASE
MARIT FRAMSTAD
IGOR ZAMARAJEV
GRO KRISTENSEN /
RAYMOND STUBBERUD
PÅL BRANZEG
TORILL STEINLEIN
TRINE JENSSEN/
MARIUS NOREGER
FREDE GULBRANDSEN

TORHILD JENSEN

Première 1. oktober 1999 på Hovudscenen





Ludvig og Jeppe

Kirsten Broch

Ved opninga av Det Norske Teatret i 1913 var det Holbergs *Jeppe på Bjerget* som blei spela, med teatersjef Rasmus Rasmussen i rolla som Jeppe. Arne Garborg hadde påtatt seg oppgåva med å setje komedien om til nynorsk, ei omsetjing som sette sinna i kok i hovudstaden og som førte til eit av dei få teaterslaga i norsk teaterhistorie. Publikum kom verkeleg i kamp, det blei kasta rotne egg og rotne tomatar, og politiet måtte tilkallast for å skape ro og orden i salen. Ein dramatisk start for vårt første nynorske teater, og det er vel Jeppe-framsyningane som er blitt dei mest legendariske Holberg-framsyningane ved teatret. Ein bør også nemne Hans Jacob Nilsen og Per Kroghs framsyning i 1934. Det er ei blanding av god forstand, fulskap og naivitet, klare karakteristiske drag, som har gått att i Jeppe-tolkingane seinare.

Ludvig Holberg blei fødd i handelsbyen Bergen 3. desember 1684. Alt 18 år gamal, i 1702, reiste han til København og tok der dei første eksamenane sine i teologi og filosofi, med avsluttande eksamen i 1704. I åra som følgde var Holberg stort sett på reisefot, til Bergen og Noreg, men òg rundt i Europa: Holland, England, Frankrike og Italia, til han endeleg slo seg ned for godt i den danske hovudstaden. I 1717 blei han utnemnd til professor i metafysikk, eit fagområde som etter hans meining var overflødig. Tre år seinare blei han tildelt professoratet i klassisk litteratur og ti år deretter blei han professor i historie. Med andre ord ein sær vellukka og karrierebevisst embets- og vitskapsmann. I universitetskrinsar var han kjend for å vere ein temperamentsfull og ivrig debattør, og han kom meir enn ein gong ut i hardt ver og hamna i akademiske tvistar. Dei intense diskusjonane og den skarpe polemikken har nok vore med på å utvikle og avdekkje dei satiriske

talenta hans, og i 1719 kom den bitande satiren over dei nasjonale danske samfunnstilhøva, helte-diktet *Peder Paars*. Her finst eit overskot av komiske motiv, kimar til figurar som snart skulle ta full form i komediane. Holberg gjekk inn i ein oppstemd produktivitet som han sjølv kalla "den poetiske raptus", det er den perioden i Holbergs liv da han skapte alle dei beste komediane sine, perioden 1722 til 1724.

På same tid blei den første dansk-språklege teaterscenen oppretta "Den Danske Skueplads" i Lille Grønnegade. Teatret i Lille Grønnegade var eit mirakel, og mirakel er det ikkje alltid råd å forklare, men ein kan peike på somme årsaker. Vinhandlar Etienne Capion fekk i 1720 kongeleg privilegium av Frederik 4. til å spele teater i København. Krig, pest og dyrtid hadde sett ein stoppar for livsutfalding. Folk var leie av krig og uro og det nasjonale medvitet var styrka i og

med sigeren over Sverige i 1720. Den rimelegaste forma for underhaldning for den jamne mann, var å drikke seg full på nærmaste kro, eller han kunne oppsøkje ein av dei mange hollandske eller tyske teater-truppane med deira "Haupt- und Staataktionen" som var melodramatisk, effektfulle utstyrstykke.

I København sat òg eit forlystings-sjukt hoff, ei overklasse og eit stadig aukande, velstående borgarskap som hadde late seg underhalde av franske komediar og tyske og italienske operaer. Trongen til nye tilbød førte til Capions privilegium. Og sist, men ikkje minst, ved universitetet satt ein ikkje heilt ung professor med ei brennande lyst til å skrive underholdande dramatikkk på dansk og som viste seg å ha eit formidabelt talent for nett dette. I 1721 stod Capions teaterbygning ferdig, og i byrjinga av 1722 opna han teatret godt hjelpt av dei franske hoffskodespelarane med leiaren René Montaignu i spissen. Teaterprivilegiet til Capion vara ikkje lenge og Montaignu overtok. Den 22. september 1722 opna teatret med Molières komedie *Den*

Gjerrige i dansk omsetjing. Hakk i hel fylgde Holbergs komedie *Den politiske Kandestøper*, eit dansk nasjonalt teater var skapt. Frå denne augneblinken var det Ludvig Holbergs komediar som dominerte på speleplanen. På halvtanna år skreiv han i alt femten komediar som kom ut i tre band, frå 1723-25. Stutt tid etter hadde han endå ti komediar ferdige.

Den mest vidgjetne av dei alle er nok *Jeppe på Bjerget* som blei spela første gong hausten 1722 og høyrer til Holbergs fremste karakterkomediar. Historia har Holberg henta frå ei tysk anekdotesamling av Jacob Bidermann, og han har sjølv beklaga den manglande originaliteten, men det viktigaste har han skapt; nemleg karakterane i ein djuptloddande komedie.

bob hunds 115:e sång

Finns det någon här i rummet som hör på?
Finnst det något nytt som alla kan förstå?
Många viktiga ögonblick skjuts upp lika lätt som en rökring blir det en rockgrupp
Det fladdrar, det flimrar, det börjar att skaka
det goda är svårt att hålla tillbaka
Finns det någon här i rummet... osv
Finns det något nytt... osv
Javisst är det så det är o.k. på tv
men du, du kan stänga av
Det fladdrar, det flimrar... osv









Henriette Sævarang



har utdanning innan song, dans og skodespel. Etter Statens Balletthøgskole (1992) arbeidde ho ein periode i New York. Tilbake i Noreg har ho hatt oppdrag ved Den Norske Nationalballett og Nye Carte Blanche. Ho har hatt roller i *My Fair Lady* ved Den Nationale Scene, *A Chorus Line* ved Chateau Neuf, *Cabaret* ved Nordland Teater, *Timen da vi ikke visste noe om hverandre* på Teatret på Torshov i tillegg til *Skarven* under Holmenkollkonserten i 1996 som òg blei vist på NRK. Henriette Sævarang er frilansar og har arbeidd saman med Arne Fagerholt, Kjersti Alveberg, Wayne McNight, Thea Stabell, Anne Grete Eriksen, Bente Lavik og Rolf Arly Lund.

Sunniva Egge Sipus



er utdanna frå Statens Balletthøgskole (1998) og arbeider som frilansar. Ho har sunge og dansa i *Dr. Dyregod og pølsedyret på nye eventyr* i Kristiansand Dyrepark sommaren 1995. Ho var med i Statens Operahøgskoles oppsetjing av *Poppea's kroning* ved Den Norske Opera i 1997 og var sist å sjå som ein av to dansarar i *Sexy* som hadde premiere på Centralteatret hausten 1998. Ho var medlem av dansegruppa Gledespikeane frå desember '97 til mai '99. Sunniva Egge Sipus underviser i klassisk ballett ved Spin Off Dansestudio.

Hege Tvedt



er dansar og koreograf. Ho er utdanna m.a. frå Statens Balletthøgskole. Ho har koreografert for teater, m.a. med *Timen* på Teatret på Torshov og *Tolvskillingoperaen* på Nationaltheatret i tillegg til framsyningar ved Den Nationale Scene, Riksteatret, Nordland Teater og Teater Ibsen. Hege Tvedt har òg regissert og koreografert danseproduksjonar m.a. i USA, Stockholm, Salzburg og neste oppdrag er i München.



Åse Hegrenes

er utdanna ved Nordiska Scenografiskolan (1986-89) og har sidan vore scenograf ved dei fleste teatra i landet. I 1992 mottok ho Norsk Teaterleiarpris og Pernilleprisen for scenografien til Amalie Skrams *Hellemyrsvolket* ved Den Nationale Scene. På Nationaltheatret har ho hatt scenografien til *Beslutningen* og den kritikarroste framsyninga *Skammen*. *Jeppe på Berget* er Åse Hegrenes' første oppgåve ved Det Norske Teatret.



Ingrid Nylander


har hovudfag i kostyme frå Institutt for klær og kostymer på Statens Håndverks- og Kunstindustriskole (1991). Ho var kostymeassistent for Kari Gravklev til opnings- og avslutningskonserten på OL på Lillehammer i 1994. Av tidlegare oppdrag kan ein nemne filmen *Jakten på Nyrestein* i 1994, *Den Gjerrige* på Rogaland Teater i 1997, *Hamlet* på Nationaltheatret i 1998 og *Romeo og Julie* på Den Nationale Scene i 1999. Ingrid Nylander hadde ansvaret for kostyma på *Kjærleikens Truimf* i regi av Olof Lindqvist (eksamensoppgåve frå regilina på Statens Teaterhøgskole) på Det Norske Teatret våren 1998.



Morten Espeland

er tjuesju år og kjem frå Stord. Han var ferdig på Statens Teaterhøgskole i 1998 og debuterte som Peter i *Anne Franks Dagbok* i regi av Olof Lindqvist på Den Nationale Scene. Der hausta han òg svært gode kritikkar for rolla som Guten i *Den 25. timen* i regi av Aleksander Mørk-Eidem. I tillegg til Statens Teaterhøgskole har Morten Espeland gått på Romerike Folkehøgskole og Ærø Folkehøgskole i Danmark. På Stord har han vore aktiv i det lokale teaterlaget.

Vi ønsker Morten Espeland velkommen til Det Norske Teatret.



8346

TBB / Foto: Carbone, Diller, Hagen

Spisse albogar ikkje naudsynt!

Ingen kan vere viss på om
renta vil gå opp eller ned,
men ein ting kan vi seie.
Nåverande kundar i
Fokus Bank skal ha minst
like gode vilkår som nye
kundar. Dei viktigaste
kundane er dei vi har i dag.



Hovudsponsor for Det Norske Teatret

Du finn oss i Akersgata 28 (Egertorget) Skøyen - Økern - Ås og i mest heile landet elles.



Depotbiblioteket



00sd 08 346

det norske teatret